

"Strikkekafe" i Helgheim torsdag 10.11. kl. 19.00

06.11.2016



Frå tilsvarende arrangement i fjor som vart svært vellukka.

Røysterett for Alle har den siste tida hatt loddbøker i omlaup, med mange fine vinstar, og målet er å runda dette av med "strikkekafe"/basar/konsert i Helgheim komande torsdag.

Røysterett heldt eit tilsvarende arrangement i fjor haust, og det vart svært godt motteke. Tanken er å bygga det heile etter same leisten som i fjor: Det vert musikalsk opning ved koret og gjesteartistar, som i år er Kvinnherad Trekkspelklubb. Deretter vert det pause med sal av kaffi og kaker, åresal og trekning. Truleg er det og ein del uutfylte liner i loddbøkene som har vore i omlaup, og det vert høve til å få desse heilt utfylte. Det er mange fine vinstar på loddbøkene, mellom anna eit lappeteppe (sjølvlagda av kormedlemene – like fint som det me hadde i fjor), nokre flotte sett med dokkekle, samt mykje anna. Etter pausen vert det musikalske innslag att, før det heile vert avslutta med trekning av loddbøkene.

Det er sjølvsagt gratis entre. Koret og trekkspelklubben ser fram mot ein triveleg kveld i Helgheim.

Tekst: Svein Rimestad

Arkivfoto: Ola Matti Mathisen

Nett: Thor Inge Døssland